

Planlegg Bømlo AS

Dato: 23.09.2020

Vår ref.: 19/168 - 4 / JA

Dykkar ref.:

Reguleringsplan Fylkesnestrædet GBnr 113/7

Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS har følgjande merknader til overordna VA-plan:

1. VA ledningar vil bli rekna som private stikkledningar og blir derfor ikkje overtatt for drift og vedlikehold av BVA.
2. Detaljert VA-plan må utarbeidast og godkjennast av BVA før anleggsstart.
3. Kostnaden med framlegging, utbygging og tilkopling av VA leidningar til offentlig nett må takast av utbyggjar.

Med venleg helsing

Jarle Andreassen
Driftsleiar
53 42 88 43
ja@bva.no

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Godkjent overordna VA-plan

Fra: asta_meland_lysebo
Til: post@planleggbomlo.no
Emne: Nabovarsel
Dato: mandag 29. juli 2019 23:59:42

Jfr varsel oppstart av detaljregulering for
fritidsbustadområde Fylkesnestrædet, 113/7 m.fl
Fylkesnes, Planid 201811

Som nabo er vi fornøgd med dagens vegtilgang og
kvalitet på veg. Brannbilar kjem fram til dagens
eigendomar, så sett frå vår ståstad har vi ikkje ynskje om
å bruke midlar til å endre vegen.

Dersom utbyggjar har slike ynskje, forventar vi han tar
kostnaden.

Vh Asta Lysebo,
Inta Taranrød,
Aina Langørgen

Planlegg Bømlo AS

Dato: 16.09.2019

Vår ref.: 19/168 - 2 / JA

Dykkar ref.:

Reguleringsplan Fylkesnestrædet GBnr 113/7

Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS har følgjande merknader til reguleringsplanen:

- Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det følgje ein overordna VA-plan. Overordna VA-plan skal bestå av utgreiingar, planteikningar og andre naudsynte illustrasjonar/teikningar. Det skal utarbeidas eit plankart i målestokk >1:2000 som viser hovudtrasear (kommunale og private), plassering av brannuttak, overvassanlegg, pumpestasjonar mm. Planen skal avklare eigarforhold til nye VA-leidningar (private eller kommunale)
- VA-plan må utarbeidast og godkjennast av BVA før anleggsstart.
- Kostnaden med framlegging, utbygging og tilkopling av VA leidningar til offentlig nett må takast av utbyggjar.

Med venleg helsing

Jarle Andreassen
Driftsleiar
53 42 88 43
ja@bva.no

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor inga underskrift.

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 29.06.19

Vår ref. 737/19/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Planlegg Bømlo as

E-mail
(post@planleggbomlo.no)

BØMLO, FYLKESNESTRÆDET – DETALJREGULERING 113/7 M.FL.

Viser til brev av .19, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit.

Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre! «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein vil peike på at ein kan vere med på å gjere kystsona meir tilgjengeleg for andre ved m.a. å fjerne tau mellom land og bøyar brukt i samband med fortøying av båt når fortøyingen ikkje er i bruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for fiske/ferdsel på sjøen.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i plan-/reguleringsprosessar. Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Fylkesnestrådet

Det blir her søkt om bygging av inntil 10 nye fritidsbustadar...kaier, flytebrygger, småbåtanlegg i sjø...Planen... er i kommuneplanen avsett til fritidsbebyggelse, men er utanfor vika ved 113/78 m.fl. justert litt ut for å å tilstrekkeleg areal for ev. flytebrygger. Det same er gjort utanfor 113/115, 116 og 129.»

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det ikkje er registrert fiskeriinteresser i/ved reguleringsområdet, men det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Ved vurdering av småbåthamner/-anlegg må ein òg ha med seg den potensielle forureininga ei slik hamn/eit slikt anlegg kan ha.

Fiskarlaget Vest vil vise til at det er viktig at det blir lagt til rette for miljøvenlege småbåthamner. Det finst to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner. Den eine er NGI-rapport "Kartlegging av forurensing i utvalgte småbåthavner i Norge" (TA-2751/2010), som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda.

CIENS-rapport: 2-2011 " Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus" gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Det er total sett mykje billigare å førebyggja enn å rydde opp i ettertid, viss det i det heile lar seg gjere.

Ein forutset at fortøyingane til eventuelle flytebryggjer blir innfor reguleringsområdet. Det må leggjast ved fortøyingplan ved høyring av utlegg av flytebryggjer.



Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Ein har elles ikkje merknader utover ovannemnde.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo
Britt Sæle Instebo

Kopi; Sunnhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Vest
Fylkesmannen i Vestland




FISKERIDIREKTORATET

N59.77041, Ø5.19063 +




300m



- Gytefelt torsk MB
 - Gytefelt torsk MB
- Gyteområder
 - Gyteområde
- Oppvekst - beiteområde
 - Oppvekst - beiteområde
- Fiskeplasser - Aktive redskap
 - Fiskeplass - aktive redskap
- Fiskeplasser - Passive redskap
 - Fiskeplasser - passive redskap
- Rekefelt - Aktive redskap
 - Fiskeplass - aktive redskap
- Låsettingsplasser
 - Låsettingsplasser
- Skjellforekomst
 - Skjellforekomst
- Fiskerihavner
 - Fiskerihavner
- Anløpskal fiskeri
 - Privat kai
 - Ukjent kai
 - Slipp/verksted
 - Bunkringsanlegg
 - Notboteri
 - Mottaksanlegg- aktiv
 - Mottaksanlegg- nedlagt
 - Offentlig kai
- Tareskogforekomster
 - A - områder
 - B - områder
 - C - områder
- Ålegrasenger
 - A - områder
 - B - områder
 - C - områder

+ N59.74237, Ø5.16309
andevågen

Fiskeridirektoratet og ND-parter



Planlegg Børlo AS		Bl. nr.	Bl. nr.
Detaljregulering for Fylkesnestrøet		Bl. nr.	Bl. nr.
Planaregnsing		Bl. nr.	Bl. nr.
Multiconsult		Bl. nr.	Bl. nr.
www.multiconsult.no		Bl. nr.	Bl. nr.
617356	PLAN-TEG-08-00	00	

Til:

Offentleg mynde

Berørte partar

Øvrige


30.05.19

**VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR FRITIDSBUSTADOMRÅDE
FYLKESNESTRÆDET, 113/7 M.FL FYLKESNES, PLANID 201811**

På vegne av grunneigar Halvor Mæland m.fl sender me med dette prinsippøknad for oppstart av detaljregulering av ovannemnde område ved Fylkesnes i Bømlo kommune.

I gjeldande kommuneplan er området i hovudsak disponert til noverande fritidsbebyggelse, småbåtanlegg i sjø, samt at eksisterande tilførselsveg ligg i område disponert til LNFR og noverande bustadområde. Ein søkjer å planlegga detaljregulering av område for utbygging av fritidsbustadar med tilhøyrande infrastruktur samt parkeringsareal.

I kommuneplanen sine føresegner § 3.1.4 vert det stilt krav til detaljregulering for område der det er plass til meir enn 3 fritidsbygg i rekkje, og det er på denne bakgrunn at ein ynskjer oppstart av detaljregulering av området.



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel – viser aktuelt utbyggingsområde lengst nord



Planlegg Bømlo AS
Att: Vidar Onarheim
Fylkesnesvegen 31
5430 BREMNES

Bømlo kommune Hordaland - Innspill til oppstart av detaljregulering for fritidsbustadområde Fylkesnestrædet gnr113 bnr7

Viser til varsel om overnevnte sak mottatt den 30.05.2019.

Formål og planstatus

Det varsles om oppstart av detaljregulering av et felt for fritidsboliger på Fylkesneset ut mot Vadholmen.

Det er planlagt å legge til rette for bygging av inntil 10 nye fritidsboliger. I planområdet i og mot sjø er det tenkt tilrettelagt for flytebrygger og småbåtanlegg.

Vår rolle

Fiskeridirektoratet er myndighetenes rådgivende og utøvende organ innen fiskeri- og havbruksforvaltning i Norge. Vi skal i første rekke arbeide for å sikre viktige marine ressurser slik at også kommende generasjoner kan fortsette å høste fra havet.

Marint biologisk mangfold

I sjøen rundt Langøya og Vadholmen er det registrert bløtbunnsområder.

Bløtbunnsområder er gode beiteområder for fisk, feltet som er registrert i området rundt Langøya og Vadholmen er et stort og viktig felt.

Våre merknader

Vi fraråder på generelt grunnlag utlegging av flytebrygge og etablering av småbåthavn over bløtbunnsområder. I Melandsvågen er det for øvrig godt utbygget med flytebryggeanlegg og småbåthavner.

I forbindelse med at det planlegges tilrettelegging for flytebrygge og småbåtanlegg i området er det viktig å ta visse forhåndsregler. Særlig viktig er utformingen på anlegget for å sikre vannsirkulasjonen i området. Vedlagt følger et skriv om småbåthavner og hensyn for å bevare bløtbunnsområdets funksjon og det marine økosystemet forøvrig.

Vi forventer at det planlegges i henhold til vedlagte veileder for småbåthavner.
Vi ber om å få planen på høring når den er klar til offentlig ettersyn.

Med hilsen

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Martin Mathisen
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift.



Mottakerliste:

Planlegg Bømlø AS

Fylkesnesvegen 31

5430

BREMNES

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Kystverket Vest

Postboks 1502

6025

ÅLESUND

Sogn & Fjordane Fiskarlag

Postboks 173

6701

MÅLØY

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2

6863

LEIKANGER

Næringsavdeling

Vedlegg

Småbåthavner





Vår saksbehandlar:
Anne-Beth Njærheim

Direkte telefonnr.:
53 42 30 58

Vår dato:
23.07.2019
Dykkar dato:
30.05.2019

Vår referanse:
2018/1155-50418595/2019
Dykkar referanse:

PLANLEGG BØMLO AS

Fylkesnesvegen 31
5430 BREMNES

FOLKEHELSEKOORDINATOR/BARNAS REPRESENTANT SIN UTTALE TIL OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR FRITIDSBUSTADER PÅ FYLKESTRÆDET 113/7 M.FL PLANID 201811

Syner til e post datert 30.05.19 med varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering ved Fylkestrædet i Bømlo kommune.

Folkehelsekoordinator/Barnas representant har følgende uttale:

Omtalt område er tenkt regulert til fritidsbustader, totalt 10 stk. Område vil med det kunne framstå privat og dermed mindre tilgjengeleg for ålmenta. Vil derfor rå til at ein legg inn tiltak som gjer område minst mogleg «privat» med god tilgang for ålmenta.

Omtalt område er i dag ikkje mykje nytta til fritidsaktivitet, men det kan endre seg ved utbygging. Vil rå til at eit «grøntområde»/friområde vert utforma slik at det gir tilgang til strandsona, gjerne med t.d. ei strand/badeområde. Det er bustadområde i nærleiken som i dag kan hende nyttar område. Slik nærmiljøkvalitet må takast omsyn til.

Vil rå til å ha god fokus på trafikkisikring, særskild omsyn til mjuke trafikantar.

Elles vil eg rå til å vurdere tal fritidsbustader då det vil bli tett med bygg på eit lite område. Vil og rå til felles båtanlegg, gjerne med plass til fleire båtar i staden for flytebrygge framfor kvar fritidsbustad. Eit slik anlegg vil og vere med på å auke tilgjenge og gjere tiltaket i strandsona mindre privat.

Med helsing
Bømlo kommune

Anne-Beth Njærheim
Folkehelsekoordinator/Barnas representant
Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kopi til:
Linda Djuvik Arealbruk
Njål Gunnar Slettebø Landbruk



PLANLEGG BØMLO AS
Fylkesnesvegen 31
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sarah Kvåle Skouen, 55 57 21 11

Uttale til oppstart av detaljregulering for fritidsbustadområde – Bømlo, 113/7, m. fl., Fylkesnes

Vi viser til dykkar brev av 30.05.2019 med melding om oppstart av detaljreguleringsplanarbeid for fritidsbustadområde Fylkesnestrædet, 113/7 mfl., Fylkesnes, planID 201811, i Bømlo kommune. Uttalefrist er sett til 29.07.2019.

Området er ikkje regulert tidlegare. I kommuneplan for Bømlo er planområdet i hovudsak sett av til *fritidsbustader – noverande og småbåtanlegg i sjø*, mens areal for tilkomstveg er vist som *bustader – noverande og LNRF*.

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 10 nye fritidsbustadar. Innanfor planområdet vert det tilrettelagd for naudsynt trafikkareal, parkering, kaiar, flytebrygger, småbåtanlegg i sjø og grøntområde for ålmenn tilkomst gjennom planområdet og fram til Vadholmen nord for planområdet. Ein legg opp til at flytebrygger kan etablerast utanfor areal for *småbåtanlegg i sjø*, i areal vist som *bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (FFNF)*. Det vert planlagt å laga felles parkeringsanlegg i tilknytning til eksisterande parkeringsareal for naustområde like i nærleiken, i areal vist som *bustader* i kommuneplanen.

Bømlo kommune stiller ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing § 10.

Vurdering

Basert på opplysningane i meldinga om oppstart er Fylkesmannen kritisk til reguleringsplanen. Etter vår førebelse vurdering høyrer ti fritidsbustader med tilhøyrande anlegg ut som ei for omfattande utbygging av strandsona innanfor dette svært avgrensa området.

Det står klart i plan- og bygningslova § 1-8 at det i 100-metersbeltet langs sjøen skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Sjølv om området er sett av til fritidsbustader og småbåtanlegg i overordna plan, betyr ikkje det at tilnærma alle ledige område i strandlina innanfor planområdet kan byggjast ut. Det må gjerast ein vurdering av attverande verdiar og omsyn i strandsona, og desse skal sikrast og det må settast klare



byggegrensar, jf. pbl. § 1-8 og tilhøyrande *statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø*.

Konsekvensar for folkehelsa skal vurderast i all planlegging, jf. pbl. § 3-1 bokstav f og folkehelselova § 4. Friluftsliv er mellom anna viktig for trivsel og god helse. I følgje Meld. St. 18 om friluftsliv (2016) er hovudmålet at befolkninga skal drive med friluftsliv jamleg. Moglegheita til fysiske aktivitetar i kvardagen er viktig for alle, og nærområda er særleg viktige for born og eldre. Strandlina og sjø er viktige element i friluftslivet, og dette må sjåast i samanheng med føresegna i pbl. § 1-8. Opplevingsverdien av landskap er også svært viktig i friluftssamanheng, og ei fullstendig nedbygd strandline vil virke negativt på denne verdien.

Konsekvensar reguleringsplanen har for endra arealbruk som råkar natur skal vurderast etter naturmangfaldlova. Dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7-12. I Naturbase er det registrert ein viktig naturtype i sjø utanfor planområdet, *bløtbunnsområder i strandsonen* (BM00058132). Kartlegginga er grov, og er ikkje vurdert i felt, jf. faktaark i Naturbase. Det smale sundet nord for planområdet er lett synleg eit grunt område ut frå flyfoto. Dette arealet i sjø har truleg ein spesiell verdi for biologisk mangfald her, saman med landskapsverdiar. Det bør etter Fylkesmannen si vurdering ikkje leggjast opp til fyllingar og inngrep i strandlina i dette området av omsyn til naturtilhøve, men også av omsyn til landskap og opplevingsverdi.

Alle reguleringsplanar har krav om utarbeiding av ein ROS-analyse og krav om handtering av risiko i plan, jf. pbl. § 4-3. ROS-analysen skal vise alle tilhøve av risiko- og sårbarheit av tyding, og alle område med fare, risiko eller sårbarheit må merkast i plankartet med omsynssone, jf. pbl. § 12-6. Krav til risikoreduserande tiltak må gå klart fram av reguleringsføresegnene. Vurdering av klimatilpassing og endra klimatilhøve må også vurderast og takast omsyn til. Vi viser her til *statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*.

Med våre tilrådingar vil planforslaget vera i tråd med statlege og regionale interesser og føringar. Planforslag i strid med desse interessene kan gje grunnlag for motsegn.

Vi tek atterhald om at dei nasjonale planomsyna som gjer seg gjeldande vert teke vare på i planlegginga og ved gjennomføring. Vi viser til tilhøve som må avklarast ved utarbeiding av plan, jf. Kommunal- og moderniserings-departementet sine sjekklister: <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/test-maler-for-behandling-av-reguleringsplaner/id2413265/>

Avslutningsvis minner vi om at i samband med den nye plansatsinga 2018-2020 Noreg digitalt, vil arealplankartløysinga òg bli utvida til å innehalde planar som vert lagt ut på høyring: <https://www.kartverket.no/geodataarbeid/arealplan-og-planregister/plandata-i-norge-digitalt/>

Kartverket starta i november 2018 med å testa ut eit oppsett for å distribuera SOSI-filer av planar på høyring til regionale etatar. Kartverket vil foreta ein teknisk kontroll av filene og sende ein kontrollrapport til kommunen. Når SOSI-fila er godkjent vert ho lagt inn i Noreg digitalt arealplanløysinga. Me oppmodar kommunen til å senda SOSI-fil av planen til Kartverket ved høyringa av planforslaget.

Vi ønskjer til lukke med det vidare planarbeidet.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Sarah Kvåle Skouen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Norges vassdrags- og energidirektorat -
NVE

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Bømlo kommune

Leirdalen 1

5430 BREMNES

Planlegg Bømlo AS
Fylkesnesvegen 31
5430 BREMNES

Dato: 28.06.2019
Vår ref.: 2019/12165-4
Saksbehandlar: ninhoel
Dykkar ref.:

Att.: Vidar Onarheim

Fråsegn til oppstart av detaljreguleringsarbeid på Fylkesnestrædet, Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 27.05.2019 om oppstart av arbeid med detaljregulering fritidsbustadområde Fylkesnestrædet 113/7 m.fl., Fylkesnes i Bømlo kommune. PlanID er 201811. Hovudføremålet med reguleringa er å legge til rette for inntil 15 nye fritidsbustadar, naudsynt trafikkareal, parkering, kaiar, flytebrygger og småbåtanlegg i sjø. Føremålet er dels i strid med kommunedelplan: Området er sett av noverande fritidsbustad med krav til reguleringsplan, noverande bustad, LNFR-føremål, noverande småbåtanlegg og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Parkering er i tenkt lagt i føremål for bustad, og flytebrygger er tenkt regulert inn utanfor areal avsett til småbåtanlegg i sjø. Tilkomstveg er lagt i område for bustad og LNFR.

Innanfor planområdet er det i dag 2 eksisterande naust, det eine med båtgarasje. I tillegg er her eit båttopptrekk/slipp. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Relevante planfaglege innspel

Fylkeskommunen er generelt kritiske til planlegging i strid med kommuneplan. Vi minner om at kommuneplanen skal være eit heilskapleg og føreseieleg dokument. I plan- og bygningslova § 11-6 står det at gjeldande kommuneplan fastset framtidig arealbruk for området.

Meir om landskap og friluftsliv

All utbygging har verknader på landskapet. Vi minner om at planområdet ligg innafor det regionale landskapsområdet Giljepollen. Det er difor viktig at nye byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene. Vi ber om at det vert teke omsyn til landskap, terreng og friluftsområde i planarbeidet.

Strandsone

Nærleik, tilkomst og utsikt til sjø er eit gode og ein attraksjon i Sunnhordaland. Dette må forvaltast nennsamt slik at verdien vert oppretthalden og kjem flest mogleg til gode. I praksis vil det sei detaljert planlegging der verdier i strandsona vert ivareteke og der tiltak i strandsona kjem allmenta og fellesskapet til gode. Fylkeskommunen er generelt kritiske til planlegging i strid med kommuneplan, regionale og statlege retningslinjer. Vi ber om at desse retningslinjene vert lagt til grunn for utarbeiding av planen, og at planen skildrar korleis det vert sikra god tilgjenge til strandsona og friluftslivet.

For å oppnå målsetnaden om god balanse mellom bruk og vern er det innført strengare reglar for strandsona i plandelen av plan- og bygningslova (§1-8). Byggeforbodet i 100-metersbeltet er nedfelt i § 1-8. Forbodet er innskjerpa i forhold til tidlegare lov, og gjeld så lenge det ikkje er fastsett anna byggegrense. Lova stiller som krav at det skal takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Vurdering av nye tiltak skal alltid veies mot disse allmenne omsyna. Dette inneber at det skal leggest større vekt på desse omsyna i strandsona enn andre stader.

Strandsona er ein avgrensa ressurs der det er viktig at omsynet til ålmenn tilgjenge vektleggast sterkt. Dette kjem fram av både plan og bygningslova §1-8, dei Statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen og dei arealpolitiske retningslinjene i fylkesplan for Hordaland. Vi minner også om Regional kystsonenplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger som vart vedteken 04.10.2017. Planen har mål som gjev at strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur –og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. I strandsona er det viktig å ivareta ålmenne interesser og hindre uheldig utbygging.

Utbygging av fritidsbustader og naust privatiserer og stykkar opp strandsona. Nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, i alle høve ikkje innanfor område kartlagt med strandsoneverdiar og som vert definert som funksjonell strandsona. Dette er forankra i retningsline 2.27 i Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Retningsline 2.30 gjev at alternativ lokalisering av nye tiltak i strandsona skal vurderast før bygging tillatast. Nye tiltak bør trekkast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar.

I dette planframlegget vert det lagt til rette for inntil 10 fritidsbustader innanfor 25-metersbeltet til sjø, heilt ned i sjølina. Dette vurderer vi som uheldig. Fritidsføremål er ikkje prioritert i strandsona i høve statlege og regionale retningslinjer.

Kulturminne og kulturmiljø

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og bli vurdert som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne, marine kulturminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. På bakgrunn av topografiske tilhøve og at areala i stor grad er nedbygd frå før, blir området vurdert til å ha lågt potensiale for funn av uregistrerte kulturminne i marka. Når det gjeld eventuelle marine kulturminne, ligg saka også til vurdering hos Bergens Sjøfartsmuseum. Innspel frå sjøfartsmuseet vil bli oversendt tiltakshavar. Fylkeskonservatoren har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune er kritiske til denne planen slik den er presentert til oppstart. Tiltaket er for stort i høve til storleiken på planområdet, og fritidsbustader i strandsona er uheldig. Vi ber om at ein i eventuelt vidare arbeid vurderer verknaden planen har på strandsona. Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal også dokumenterast.

Eva Katrine R. Taule
Konst. plansjef

Nina Gjester Hoel
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Nina Gjester Hoel, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Tore Slinning, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi:

BØMLO KOMMUNE

STATENS VEGVESEN

FYLKESMANNEN I VESTLAND



KYSTVERKET

Vest

PLANLEGG BØMLO AS
Fylkesnesvegen 31
5430 BREMNES

Deres ref.:

Vår ref.:
2019/2335-2

Arkiv nr.:

Saksbehandler:
Bjarte Holta

Dato:
06.06.2019

Tilbakemelding - oppstart av detaljreguleringsarbeid, Fylkesnestrådet i Bømlo kommune

Syner til brev, datert 30. mai 2019, vedkomne ovennevnte.

Føremålet med planen er å leggja til rette for fritidsbustader, kaier og flytebrygger.

I plansamheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomne, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet.

Vi gjør merksam på at det er registrert farlei utanfor planområdet. Det er begrensa skipstrafikk som nyttar denne farleia, og vi kan ikkje sjå at planområdet vil være i konflikt med farleia.

Vi gjør merksam på at det er Bømlo kommune/Karmsund havn som skal behandla søknad om tiltak i sjø etter Havne- og farvassloven. Planområdet ligger utanfor Kystverkets forvaltningsområde.

Kystverket kan ikkje sjå at planområdet rører ved dei interessene me er satt til å ta vare på og har ingen merknader til oppstartsvarselet.

Med hilsen

Bjarte Holta
trafikkleder


Dokumentet er elektronisk godkjent

Regionkontor Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no

For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242
----------------------	-------------------	-----------	---------------	----------	----------------

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson



Fra: Meland, Lars <lars.meland@wartsila.com>

Sendt: mandag 17. juni 2019 08:28

Til: post@planleggbomlo.no

Kopi: linda.djuvik@bomlo.kommune.no; kjelai@haugnett.no

Emne: Melding om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr.113/7 m.fl, Fylkesnes

Til Planlegg Bømlo
v/Vidar Onarheim

Viser til «Oppstartsmelding fritidsbustadområde Fylkesnestræet gnr. 113, bnr. 7 mfl.».

I sakens anledning vil vi på vegne av g.nr.113/b.nr.78 og 79 bemerke at tinglyste rettigheter i henhold til Skyldskifte må ivaretas.

Vi finner også grunn til å kommentere at det er noe uvanlig at vi som grunneiere i det omsøkte området ikke er kontaktet før planarbeidet blir startet opp. At 113/78 heller ikke er oppført i Naboliste og derved ikke mottar sakspapirene er også lite tilfredsstillende.

På vegne av Sesilia Mæland (113/78), Odd Kåre Sakseid og Kjell Arne Innvær (113/79)

Med vennlig hilsen,

Lars Mæland (sønn av Sesilia Mæland)
Skiftesvegen 3, 5430 Bremnes
Lars.i.maeland@haugnett.no
99299301

Kopi: Bømlo Kommune v/Linda Djuvik
Kjell Arne Innvær

Fra: [Eirik Søyland Herdlevær](#)
Til: "[Tore Slissing \(Tore.Slissing@hfk.no\)](mailto:Tore.Slissing@hfk.no)"
Kopi: post@planleggbomlo.no
Emne: SV: Varsel om oppstart av detaljreguleringsarbeid, Fylkesnestrædet i Bømlo kommune
Dato: mandag 22. juli 2019 11:32:04

Vedr. Varsel om oppstart av detaljreguleringsarbeid, Fylkesnestrædet i Bømlo kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 30.05. 2019.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Fylkesnestrædet gbnr. 113/7 m.fl., i Bømlo kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Eirik Herdlevær | Bergens Sjøfartsmuseum
Marinarkeolog | + 47 55 54 96 02 |
www.museumvest.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: post@planleggbomlo.no <post@planleggbomlo.no>

Sendt: torsdag 30. mai 2019 19:08

Til: anne-beth.njarheim@bomlo.kommune.no; marinarkeologi@museumvest.no; svein.trygve.larsen@gmail.com; runar.aga@haugnett.no; ivar_turoy@hotmail.com; saksgart@online.no; postmottak@bomlo.kommune.no; ove.halleraker@bomlo.kommune.no; bjorn-hroar.sortland@bomlo.kommune.no; elisabeth.gjerde@bomlo.kommune.no; njal-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no; linda.djuvik@bomlo.kommune.no; vardan.vardanyan@bomlo.kommune.no; Stein.Erik.Lyslo@bomlo.kommune.no; elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no; kjersti-helen.folleso@bomlo.kommune.no; magnar.skalevik@haugnett.no; post@bomlonr.no; ivar_turoy@hotmail.com; post@bva.no; annbjorg.legland@gmail.com; firmapost@finnas-kraftlag.no; vest@fiskarlaget.no; postmottak@fiskeridir.no; fmvlpost@fylkesmannen.no; johannes.m.sortland@haugnett.no; hordaland@bondelaget.no; hfk@hfk.no; tore.slissing@hfk.no; postmottak@karmsund-havn.no; post@kystverket.no; rv@nve.no; johnny.bo@haugnett.no; birgit.Espero@bomlo.kommune.no; firmapost-vest@vegvesen.no;

ove.urheim@haugnett.no; sunnhordland@botaniskforening.no; jermund.skar@haugnett.no;
sim@sim.as; odd.hallaraker@haugnett.no; kabelnett@telenor.com;
jan.magne@planleggbomlo.no

Emne: Varsel om oppstart av detaljreguleringsarbeid, Fylkesnestrådet i Bømlo kommune

Me vil med dette varsle oppstart av arbeid med detaljregulering ved Fylkesnestrådet i Bømlo kommune. Sjå vedlagte dokument.

Merknader må sendast underteikna innan 29. juli 2019.

Ta gjerne kontakt for ytterlegare informasjon dersom det skulle vera ønskeleg.

Beste helsing
Vidar Onarheim
Planlegg Bømlo as
Mob: 469 20 337

Fra: [Idun Nessestrand Vefring](#)
Til: [PLANLEGG BØMLO AS](#)
Emne: NVE sitt innspel - Varsel om oppstart av detaljreguleringsarbeid, Fylkesnestrædet i Bømlo kommune
Dato: mandag 17. juni 2019 09:29:23
Vedlegg: [image001.png](#)

Vi viser til varsel om planstart av reguleringsarbeid datert 30.05.19. Føremålet med planarbeidet er å planlegge for bygging av inntil 10 nye fritidsbustadar. Det skal leggest til rette for naudsynt trafikkareal, parkering, kaier, flytebrygger, småbåtanlegg i sjø og grøntområde for allmenn tilkomst gjennom planområdet og fram til Vadholmen nord for planområdet.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde innanfor saksområda flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekklister for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

NGU sitt lausmassekart syner at grunnen i området består av eit tynt dekke med hav-/strandavsetningar. I område med marine avsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire. Fare for områdeskred av kvikkleire må vere eit tema i ROS-analysen. Vi rår til at prosedyren i NVE rettleiar 7/2014 «*Sikkerhet mot kvikkleireskred*» vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.

I plandokumenta må det være skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. **Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.** Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanlegging»](#).

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med venleg helsing

Idun Nessestrand Vefring

Avdelingsingeniør

Skred- og vassdragsavdelinga

Region vest

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Telefon: 22959536/ 41236958

Epost: jdve@nve.no

Web: www.nve.no



Planlegg Bømlo AS

Fra: Idun Nessestrand Vefring <idve@nve.no>
Sendt: fredag 21. august 2020 08:43
Til: Planlegg Bømlo AS
Emne: SV: Angående innspel til detaljreguleringsplanarbeid, Fylkesnestrædet i Bømlo

Hei,

Eg sendte mailen din vidare til dei på kontoret som til dagleg jobbar med arealplan. Tilbakemeldinga eg fekk er følgjande;

«Dersom synfaring syner at grunnen består av fast fjell kan han skrive dette i ROS- analysen. På det grunnlag kan han konkludere med at det ikkje er fare for områdekred av kvikkleire. Det er fult mogeleg å kople dette til trinn 3 i prosedyren».

Håper dette var til hjelp.

Med venleg helsing

Idun Nessestrand Vefring

Avdelingsingeniør
Skred- og vassdragsavdelinga
Region vest

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Telefon: 22959536/ 41236958

Epost: idve@nve.no

Web: www.nve.no



Fra: Planlegg Bømlo AS <post@planleggbomlo.no>
Sendt: torsdag 20. august 2020 22.25
Til: Idun Nessestrand Vefring <idve@nve.no>
Emne: Angående innspel til detaljreguleringsplanarbeid, Fylkesnestrædet i Bømlo

Hei, Idun!

Eg er i ferd med å utarbeida ovannemde detaljreguleringsplan, og er framme ved innspelet frå dykk angående mogeleg fare for kvikkleire.

Eg er litt usikker på korleis eg skal håndtera dette i dette området – til tross for at eg har nytta veileiaren du referer til – Sikkerhet mot kvikkleireskred. Eg har lest gjennom nevnte prosedyre, men finn at dette er rimeleg irrelevant for saka?

Eg legg ved eit dronebilete av området. DJI0021 viser oversikt over heile området som skal byggjast på, der det er fast fjell i dagen både i nord og sør i området, med ein steinfylling på midten. Denne steinfyllinga er resultat av nedsprenning av fast fjell og ligg såleis også på fast fjell ifølge grunneigar av hovedgarden. Nevnte grunneigar er 80

år gammel, og er født og oppvaksen på garden. Ifølge han finnes det ingen områder innanfor planområdet som ikkje har fast grunn.

Det kan nevntast at eg som planleggjar er næraste nabo til planområdet, og har budd her i 8 år – og kjenner såleis området godt. Ingenting av det eg kan sjå i området indikerer noko som helst fare for kvikkleire, men eg har ikkje geologisk kompetanse. Koreis skal eg håndtera denne saka på best måte? Etter mitt skjønn er det unødvendig med vidare undersøkingar, men er naturlegvis lydhøyr...

Ser fram til å høyra frå deg!

Mvh Vidar Onarheim
Planlegg Bømlo AS
469 20 337

Fra: [Per Fylkesnes](#)
Til: post@planleggbomlo.no; postmottak@bomlo.kommune.no; janmaeland@hotmail.com
Emne: Merknad til detaljregulering for fritidsbustadområde Fylkesnestrædet,113/7 m.fl Fylkesnes,planid 201811
Dato: søndag 30. juni 2019 19:41:28

Merknad: Tilkost til bruk nr 113/40 må sikrast i detaljregulering av fritidsbustadområde.

Beste helsing
Per Ole Fylkesnes
tlf 95109761



Statens vegvesen

Planlegg Bømlo AS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eva Birgitte Teige / 45023750

Vår referanse:
19/133086-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.06.2019

Uttale til OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR FRITIDSBUSTADOMRÅDE FYLKESNESTRÆDET, GNR 1 13 BNR 7 M.FL FYLKESNES, PLANID 201811

Viser til melding om oppstart av planarbeid 30.05.2019.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for fritidsbustadar med tilhøyrande parkering, kai, flytebrygger, småbåtanlegg og trafikkareal. Det er positivt at ein legg til rette for utbetring av tilførselsvegen til anlegget.

Planområdet ligg ikkje til riks- eller fylkesveg og fører ikkje til tiltak for desse. Vi har difor ingen merknader til oppstartsmeldinga.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Eva Birgitte Teige

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vabakkjen 7
5404 STORD

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø